

2. nov.

NYTT frå Stad 2020 / november 2018

tilsette i Eid og Selje

OMSTILLINGSPROSJEKTET


ORGANISASJONS- OG LEIARSTRUKTUR I STAD KOMMUNE

Stillingar som kommunalsjefar, stabsleiar og rådgjevarstilling i Stad kommune

Det har vore gjennomført kartleggingssamtale og intervju av alle kommunalsjefar og stabsleiarar i Eid og Selje kommunar i høve innpllassering i stillingane som kommunalsjefar og stabsleiarar i Stad kommune frå 1.1.2020. To av dei aktuelle kommunalsjefane til stillinga som kommunalsjef for Helse og omsorg, Ragna Haaland og Kari Krogh, har meldt i frå om at dei ikkje ønskjer å fortsetje som kommunalsjef i Stad kommune. Kari Krogh har ønskje å slutte i Eid kommune i løpet av 2019 og Ragna Haaland har sett fram ønskje om ei rådgjevarstilling innan hennar kompetanseområde. Stillinga som kommunalsjef for kommunalområde Helse og omsorg har vore lyst ut internt i Eid og Selje kommunar, og det var ein søkjær til stillinga. Det er skrive innstilling, med grunngjeving, i tilsetjings-sakene av programleiar, som grunnlag for drøfting i møte med dei tillitsvalde 2.11.2018.

Tilsetjing:

1. **Harald Sivertsen** er tilsett i 100 % fast stilling som kommunalsjef for kommunalområde oppvekst og opplæring frå 1.1.2020, med arbeidsstad for tida rådhuset på Nordfjordeid
2. **Elin Leikanger** er tilsett i 100 % fast stilling som kommunalsjef for kommunalområde areal og eigedom frå 1.1.2020, med arbeidsstad for tida rådhuset på Nordfjordeid
3. **Kristine Dahl** er tilsett i 100 % fast stilling som kommunalsjef for kommunalområde kultur og samfunn frå 1.1.2020, med arbeidsstad for tida rådhuset på Nordfjordeid
4. **Barbro Longva** er tilsett i 100 % fast stilling som kommunalsjef for communalområde Helse og omsorg, med arbeidsstad for tida rådhuset på Nordfjordeid
5. **Ole Starheim** er tilsett i 100 % fast stilling som leiar for stabsområde økonomi frå 1.1.2020, med arbeidsstad for tida rådhuset på Nordfjordeid
6. **Ingunn Rotihaug** er tilsett i 100 % fast stilling som leiar for stabsområde personal og kommunikasjon frå 1.1.2010, med arbeidsstad for tida rådhuset på Nordfjordeid
7. **Kristin Otneim Aarsnes** er tilsett i 100 % fast stilling som leiar for stabsområde strategi og samordning frå 1.1.2020, med arbeidsstad for tida rådhuset på Nordfjordeid
8. **Ragna Haaland** er tilsett i 100 % stilling som rådgjevar for stabsområde strategi og samordning frå 1.1.2020, med arbeidsstad for tida rådhuset i Selje



Åslaug Krogsgård
Programleiar/rådmann Stad kommune

Barbro Os Noste
HTV Fagforbundet

Mirjam Bruvoll
HTV UDF

Laila Bødal
HTV Delta

Sissel Solheim
HTV Fagforbundet

Bjørg Tordal Hellesø
HTV NSF

TIDSPLAN

1.10 Overordna organisasjons- og leiarstruktur vedteken

3.10 Drøftingsmøte med tillitsvalde i omstettingsprosjektet - vidare prosess (omstettingsprosjekt fase 2 (framdriftsplan), utvalsområde (kven som er omfatta og prosedyre), kvalifikasjonskrav leiarar, prinsipp for lønslassering).

OKTOBER

11.10 Frist for kommunalsjefar og stabsleiarar til å melde rettskrav

15.10 Felles leiarmøte Eid og Selje

Oktober Samtalar med kommunalsjefar og stabsleiarar

31.10 Rådmannen innstiller kommunalsjefar og stabsleiarar

2.11 **Kommunalsjefar og stabsleiarar er innplasserte**
Drøftingsmøte med tillitsvalde i omstettingsprosjektet.
Kommunalsjefane tiltrer styringsgruppa for Stad 2020.

NOVEMBER

7.11 Felles leiarmøte Eid og Selje

12.11 Drøftingsmøte med tilitsvalde i omstettingsprosjektet - vidare prosess

November Samtalar med einingsleiarar

19.11 Frist for einingsleiarar til å melde rettskrav

4.12 Kommunalsjefane innstiller einingsleiarar

5.12 Drøftingsmøte med tillitsvalde i omstettingsprosjektet

6.12 Felles leiarmøte Eid-Selje

DESEMBER

1.1 Einingsleiarane er innplasserte.

30.3 Bemanningsplanar er klare. Fagleiarar, arbeidsleiarar og tilsette i berørte avdelingar er innplasserte

31.5 **2019** Kontoplan og skyggebudsjett ferdig

1.10 Arbeidsavtalar er ferdige